



Møteprotokoll

Utval:	Formannskapet
Møtestad:	Volda samfunnshus, festsalen
Dato:	09.06.2026
Tid:	kl. 13.00

Frammøtte

Margrete Trovåg
Sverre Leivdal
Bjørnar Fylling
Sindre Rotevatn
Jørund Stig Knardal
Ola Perry Saure
Kari Aslaug Hasle

Representerer

Ap
Ap
Frp
H
KrF
SP
SV

Funksjon

medlem
varaordfører
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem

Forfall

Heidi Berg-Rusten
Grevstad
Sølvi Dimmen

Representerer

H

SP

Varamedlem

Dan Helge
Bjørneset
Gunnar Strøm

Representerer

H

SV

Andre som møtte

Aina Opsvik – leiar interkommunal barnevernsteneste
Heidi Istad - planleggar
Kjetil M. Vestergaard - planleggar
Per Ivar Kongsvik – kommunalsjef oppvekst
Rune Sjurgard - kommunedirektør
Sonja Håvik - møtesekretær
Svein Berg-Rusten – kommunalsjef helse og omsorg
Tor Halvar Flacké Botnen – kommunalsjef samfunnsutvikling
Møre og Romsdal fylkeskommune: Per Gunnar Løset, planprosjektleder, og Stig Vindnes, prosjektleder

Inhabile	Sak	Merknad
Ola Perry Saure	86/26	Dotter er fastlege Volda legesenter, jf. fvl. § 6. 2. ledd

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 105/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1810
PS 106/26	Godkjenning av protokoll	26/1810
PS 107/26	Sal av gbnr. 18/229	26/1581
PS 112/26	Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Fv 60 Tomasgård - Røyarhus bru i Volda og Stranda kommunar	21/5006
PS 108/26	Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Studentbustader på Heltne	25/2519
PS 109/26	Søknad frå VTI Allidrett om forskottering av spelemidlar	26/1108
PS 110/26	Samarbeid Volda og Ørsta	20/4856
PS 113/26	Oppstart planarbeid - Detaljregulering for Ospesletta del av gbnr 206/10 - Grodås	26/973
PS 114/26	Plansak for offentlig ettersyn - Reguleringsplan for Urbakkfoten	25/1533
PS 115/26	Uttale - Omstillingsprosess Helse Møre og Romsdal HF	26/1865
PS 111/26	Orienteringar	26/1810
OS 75/26	Synfaring Hamna 20	26/1810
OS 76/26	Status og utfordringsbilete i helse- og omsorg	26/1810
OS 77/26	Barnevern - orientering om tiltak utanfor heim	26/866
OS 78/26	Sak om framtidig berekraftig skulestruktur for Dalsfjorden	26/1239
OS 79/26	Vurdering av forskingsprosjektet Back2School	26/1785
OS 85/26	Orientering om barnehagetilbod Folkestad	26/1810
OS 86/26	Notat om kompensierende innsparingar i Volda kommune for legeteneste	26/1818
OS 80/26	Månadsrapport april 2026	26/1356
OS 81/26	Orientering om utgreiing av parkeringsordning i Volda	26/1809
OS 82/26	Kommunedelplan for naturmangfald - utsett høyring til etter sommaren	24/799
OS 83/26	Referat frå møtet med grendelaga 20. mai 2026	25/1693
OS 84/26	NOU 2026:6 Den nye velferdskommunen	19/10189
OS 87/26	Gardsal av tradisjonsøl over 4,7% innan ramma av Vinmonopolet og EØS-avtalen - TREKT	26/1458
OS 88/26	Demokratikonferansen - lenke til formannskapet 9. juni	19/10189
OS 89/26	Gardsøl av kveik som kulturhistorie	26/1458

Volda, 12.06.2026

Sverre Leivdal
ordfører

PS 105/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste, med endring frå ordføraren, vart godkjent.

Behandling:

Ordføraren kom med forslag om slik endring og tillegg til saklista:

- OS 89/26 Gardsøl av kveik som kulturhistorie vert trekt.
- Uttale om omstillingprosess i Helse Møre og Romsdal HF vert sett på saklista.

Kommunedirektøren orienterte om at det er lagt inn eit notat i sak PS 112/26, Plansak for offentleg ettersyn - Detaljregulering for Fv 60 Tomasgård - Røyarhus bru i Volda og Stranda kommunar, der det vert lagt fram ei endring i tilrådinga frå kommunedirektøren.

PS 106/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 26.05.2026 vart godkjent.

PS 107/26 Sal av gbnr. 18/229

Vedtak:

Volda kommune ynskjer ikkje å dele opp gnr. 18 bnr. 229, og heller ikkje å selje eigedomen.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Nytt forslag frå Jørund Knardal (Krf):

Volda kommune ynskjer ikkje å dele opp gnr. 18 bnr. 229, og heller ikkje å selje eigedomen.

Nytt forslag frå Bjørnar Fylling (Frp):

Eigar av gbrn 19/871 kan få kjøpe delar av 18/229.

Om eigar av 19/707 vil skilje ut tomt fra sin eigendom kan det gjerast ved å lage rettare tomtegrenser.

Kommunalsjef Tor Halvar F. Botnen svara på spørsmål.

Votering

Det vart votert alternativ mellom forslaget frå Jørund Knardal og forslaget frå Bjørnar Fylling, Forslaget frå Jørund Knardal fekk 8 stemmer og vart vedtatt, forslaget frå Bjørnar Fylling fekk ei stemme og fall.

Stemte for forslaget frå Knardal: AP (2 stemmer), SV (2 stemmer), H (2 stemmer), KrF (1 stemme), SP (1 stemme)

Stemte for forslaget frå Fylling: FrP (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

PS 112/26 Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Fv 60 Tomasgård - Røyarhus bru i Volda og Stranda kommunar

Vedtak:

1. Formannskapet fremjar forslag til detaljrulering for Fv 60 Raftevoll - Stranda grense og legg henne ut til høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10, med følgjande føresetnader:

I vidare arbeid med planen må det takast omsyn til og jobbast vidare med dei problemstillingane som er teke opp i saksframstillinga.

2. Ein tek sikte på å oppheve reguleringsplan for massedeponi ved Støverstein, planID: 20130002, ved godkjenning av detaljregulering for Fv 60 Raftevoll - Stranda grense.

3. Formannskapet ber om at gangvegsløysinga ved Horndøla bru og tilkomstveg til "Røde Kors-hytta" vert løyst på ein mest mogleg optimal måte før utlegging.

Behandling:

Forslag til vedtak:

Nytt forslag frå Sverre Leivdal (AP):

Tilleggspunkt:

Formannskapet ber om at gangvegsløysinga ved Horndøla bru og tilkomstveg til "Røde Kors-hytta" vert løyst på ein mest mogleg optimal måte før utlegging.

Behandling

Planleggar Heidi Istad informerte om eit notat med tilleggsopplysningar som vart sendt ut i forkant av møtet, der tilrådinga til vedtak vart endra. Ny tilråding frå kommunedirektøren:

1. Formannskapet fremjar forslag til detaljrulering for Fv 60 Raftevoll - Stranda grense og legg henne ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10, med følgjande føresetnader:

I vidare arbeid med planen må det takast omsyn til og jobbast vidare med dei problemstillingane som er teke opp i saksframstillinga.

2. Ein tek sikte på å oppheve reguleringsplan for massedeponi ved Støverstein, planID: 20130002, ved godkjenning av detaljregulering for Fv 60 Raftevoll - Stranda grense.

Møre og Romsdal fylkeskommune, ved Per Gunnar Løset, planprosjektleder, og Stig Vindnes, prosjektleder, orienterte om prosjektet.

Votering:

Innstillinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Tilleggspunktet frå Sverre Leivdal (Ap) vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), FrP (1 stemme), KrF (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Formannskapet fremjar forslag til detaljrulering for Fv 60 Raftevoll - Stranda grense og legg den ut til høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10, med følgjande føresetnader:

- endring som er foreslått ved Horndøla bru bør desse innarbeidast før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring.
- I vidare arbeid med planen må det takast omsyn til og jobbast vidare med dei problemstillingane som er teke opp i saksframstillinga

2. Ein tek sikte på å oppheve reguleringsplan for massedeponi ved Støverstein, planID: 20130002, ved godkjenning av detaljregulering for Fv 60 Raftevoll - Stranda grense.

PS 108/26 Plansak for offentleg ettersyn - Detaljregulering for Studentbustader på Heltne

Vedtak:

Formannskapet fremjar forslag til detaljregulering for studentbustader på Heltne med planid 2025003 og sender den på høyring for offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og 12-10.

Behandling:

Planleggar Kjetil Mastad Vestergaard orienterte.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), KrF (1 stemme), FrP (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet fremjar forslag til detaljregulering for studentbustader på Heltne med planid 2025003 og sender den på høyring for offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova § 5-2 og 12-10.

PS 109/26 Søknad frå VTI Allidrett om forskottering av spelemidler

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Volda kommunestyre finn ikkje å imøtekomme søknad om forskottering av spelemidler til Volda Turn og Idrettslag Allidrett.

Behandling:

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 8 stemmer og vart vedtatt, ein stemte mot.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), FrP (1 stemme), SP (1 stemme), KrF (1 stemme), SV (1 stemme)

Stemte mot parti: SV (1 stemme)

Stemte for personar: Margrete Trovåg (AP), Sverre Leivdal (AP), Bjørnar Fylling (FrP), Dan Helge Bjørneset (H), Sindre Rotevatn (H), Jørund Stig Knardal (KrF), Ola Perry Saure (SP), Kari Aslaug Hasle (SV)

Stemte mot personar: Gunnar Strøm (SV)

Kommunedirektøren si tilråding:

Volda kommunestyre finn ikkje å imøtekomme søknad om forskottering av spelemidler til Volda Turn og Idrettslag Allidrett.

PS 110/26 Samarbeid Volda og Ørsta

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Volda og Ørsta slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
 - a. vaksenopplæring og flyktningetenester
 - b. lønsfunksjon
 - c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
 - d. samarbeid om vederlagsutrekning
 - e. felles rutinar innan økonomi

3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
4. Kommunedirektøren vert beden om å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Ørsta kommune.
5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid.

Behandling:

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), KrF (1 stemme), FrP (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til hovudretninga i arbeidet med utvida interkommunalt samarbeid mellom Volda og Ørsta slik det går fram av saka.
2. Kommunestyret prioriterer vidare arbeid med samarbeidsområda i fase 1:
 - a. vaksenopplæring og flyktningetenester
 - b. lønsfunksjon
 - c. legetenester og samfunnsmedisinske oppgåver
 - d. samarbeid om vederlagsutrekning
 - e. felles rutinar innan økonomi
3. Foreslåtte samarbeidsområde skal utgreiast nærare i ein konseptfase før det vert fatta endelege vedtak om etablering.
4. Kommunedirektøren vert beden om å setje i gang nødvendige forprosjekt og utgreiingar i samarbeid med Ørsta kommune.
5. Kommunestyret legg til grunn at samarbeid skal bidra til betre kvalitet i tenestene, redusert sårbarheit og meir effektiv ressursbruk over tid.

PS 113/26 Oppstart planarbeid - Detaljregulering for Ospesletta del av gbnr 206/10 - Grodås

Vedtak:

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova(pbl) godkjenner formannskapet oppstart av arbeidet med detaljregulering for Ospesletta del av gbr 206/10 med planid 2026001, som gjort greie for i planinitiativet med tilhøyrande vedlegg.

Formannskapet gir administrasjonen løyve til å godkjenne planavgrensinga før planoppstart kan kunngjerast.

Behandling:

Planleggar Heidi Istad orienterte.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), KrF (1 stemme), FrP (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av § 12-14 i plan- og bygningslova (pbl) godkjenner formannskapet oppstart av arbeidet med detaljregulering for Ospesletta del av gbr 206/10 med planid 2026001, som gjort greie for i planinitiativet med tilhøyrande vedlegg.

Formannskapet gir administrasjonen løyve til å godkjenne planavgrensinga før planoppstart kan kunngjerast.

PS 114/26 Plansak for offentlig ettersyn - Reguleringsplan for Urbakkkfoten

Vedtak:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å legge forslag til reguleringsendring for Urbakkkfoten med plan-ID 2025001 ut til offentlig ettersyn. Høyringa inneheld to alternative planforslag, der begge vert lagt ut til offentlig ettersyn, men alternativ 2 er formannskapets tilrådde løysing.

Behandling:

Planleggar Kjetil Mastad Vestergaard orienterte.

Votering

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), KrF (1 stemme), FrP (1 stemme)

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å legge forslag til reguleringsendring for Urbakkkfoten med plan-ID 2025001 ut til offentlig ettersyn. Høyringa inneheld to alternative planforslag, der begge vert lagt ut til offentlig ettersyn, men alternativ 2 er formannskapets tilrådde løysing.

PS 115/26 Uttale - Omstillingsprosess Helse Møre og Romsdal HF

Vedtak:

Til Helseføretaket i Møre og Romsdal
v/adm dir Olav Lødemel

Volda kommune reagerer sterkt på framlegget om å vurdere akutt- og fødetilbodet ved Volda sjukehus. Vi forstår at helseføretaket står i ein alvorleg økonomisk situasjon, men løysinga er ikkje å legge ned velfungerande tenester ved lokalsjukehuset. Dei 500 fødande forsvinn ikkje, og 50 000 innbyggjarar i vår region er heilt avhengige av trygg og god beredskap. I ein akutt situasjon er avstanden til andre sjukehus alt for stor.

Helse- og omsorgsdepartementet ved statsråd Jan Christian Vestre, har fleire gonger slått fast at Møre og Romsdal skal ha tre akuttsjukehus, dette må helseføretaket forhalde seg til. Helse- og omsorgsministeren, har seinast i dag 9.juni uttalt at akutt- og fødetilbodet i Volda skal oppretthaldast.

Volda sjukehus er eit veldrive sjukehus, å flytte pasientstraumen til andre sjukehus vil ikkje gje innsparing, men truleg krevje investeringar og auka drift ved desse.

Sjukehuset i Volda driv særst effektivt, har allereie gjennomført omfattande omstilling, stått i ei krevjande innføring av Helseplattformen og samstundes rekruttert godt. Å skape uvisse for framtida vil kunne føre til rekrutteringsutfordringar for eit sjukehus som i dag god kompetanse og fungerer særst godt.

Volda kommune har tidlegare peikt på det negative ved reduksjon i ambulansetenestene og vi stiller oss særst kritisk til at det vert vurdert å kutte i pasienttilbod som td dialyse. Når det no på toppen av dette, kjem framlegg om å greie ut mogleg reduksjon i akutt- og fødetilbod, vert vi sterkt uroa. Framlegget er svært dramatisk og vil få store konsekvensar for innbyggjarane, men også for kommunane som må pårekne vesentleg meirbelastning dersom helseføretaket reduserer så drastisk sitt tilbod. Framlegget vil skape svært stor uro for innbyggjarane og alle som driv dagleg verdiskaping og skal satse på ei framtid i regionen vår.

Volda kommune ber om at dette framlegget vert lagt i skuffen i god tid før styremøtet den 17.juni.

Behandling:

Votering

Uttalen vart einstemmig vedtatt.

Stemte for parti: AP (2 stemmer), H (2 stemmer), SV (2 stemmer), SP (1 stemme), KrF (1 stemme), FrP (1 stemme)

PS 111/26 Orienteringar

OS 75/26 Synfaring Hamna 20

Formannskapet var på synfaring til Hamna 20. Bjørnar Fylling (Frp) var uroa for kostnadane for prosjektet. Kommunalsjef Tor Halvar Botnen informerte om at det er vanskeleg å fastsette endeleg kostnad, men kommunen styrer etter tildelte rammer.

OS 76/26 Status og utfordringsbilete i helse- og omsorg

Kommunalsjef Svein Berg-Rusten orienterte om status, utfordringsbilde og fokusområdet for helse- og omsorgsektoren.

OS 77/26 Barnevern - orientering om tiltak utanfor heim

Kommunalsjef oppvekst bad om at møtet vert lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 3. ledd, b.

Leiar for interkommunal barnevernsteneste, Aina Øyehaug Opsvik, orienterte.

OS 78/26 Sak om framtidig berekraftig skulestruktur for Dalsfjorden

Formannskapet drøfta saka. Det var semje om å be administrasjonen om ei utgreiing med klare alternativ for barnehage- og skuletilbodet i Dalsfjorden.

OS 79/26 Vurdering av forskingsprosjektet Back2School

Kommunalsjef oppvekst Per Ivar Kongsvik orienterte.

OS 85/26 Orientering om barnehagestilbod Folkestad

Kommunalsjef oppvekst, Per Ivar Kongsvik, orienterte om at barnehagen på Folkestad vil nytte lokala til dagsenteret i dei tidspunkta dagsenteret ikkje brukar lokala.

OS 86/26 Notat om kompenserande innsparingar i Volda kommune for legeteneste

Inhabile	Merknader
Ola Perry Saure	Dotter er fastlege Volda legesenter, jf. fvl. § 6. 2. ledd

Kommuneoverlege Steffen Myklebust svara på spørsmål frå formannskapet.

OS 80/26 Månadsrapport april 2026

OS 81/26 Orientering om utgreiing av parkeringsordning i Volda

Kommunalsjef samfunnsutvikling Tor Halvar F. Botnen orienterte.

Formannskapet drøfta saka og kom med innspel til administrasjonen for vidare arbeid. Det var delte oppfatningar i formannskapet om parkeringsordning i Volda. Administrasjonen vil utgreie saka.

OS 82/26 Kommunedelplan for naturmangfald - utsett høyring til etter sommaren

OS 83/26 Referat frå møtet med grendelaga 20. mai 2026

OS 84/26 NOU 2026:6 Den nye velferdskommunen

OS 87/26 Gardsal av tradisjonsøl over 4,7% innan ramma av Vinmonopolet og EØS-avtalen

OS 88/26 Demokratikonferansen - lenke til formannskapet 9. juni

Formannskapet, og leiarar i parti som ikkje er representert i formannskapet, vert kalla inn til konferansen.

OS 89/26 Gardsøl av kveik som kulturhistorie